

# Referat FAU-møte 3.april 2017

Til stades: Tor Hauge (Turkis), Rasa Voroblevie(Blå), Christianne Kvam(Oransje), Geir Hauge(Rosa) og Jan Ove Drevdal Tverberg(Grøn) og Anne Merethe Kvalsøren (Styrar)

## Sak 1:

Sommarfest Parken:

- Fau bestemmer torsdag 1. juni som dato for sommarfest. Fyrste torsdag i juni.
- Det blir arbeidsmøte for FAU-representantane måndag 22.mai kl 19. Tor kallar inn til det.
- Grillane skal vera klare til kl 17, og program frå kl 17.45.
- Geir avklarar med Parken at datoen passar for dei.

## Sak 2:

Dugnad i barnehagen:

- Styrar seier at barnehagen er no 5 år, og me ser meir kva me har av utestyr/leiker og kva som fungerer, og kva me evt manglar. Vaktmeister hjelper oss med mange arbeidsoppgåver, men med ein så liten stilling som han har i Gaupne barnehage, så kan me ikkje forvente at sånne "ekstrating" blir prioriterte.
- Barnehagen har mykje fokus på å vera ute, og me treng difor ekstra leikekrokar som td pallekjøken-krok på "baksida", me treng fleire sitjeplassar til både barn og vaksne og me treng litt hjelp til uteplassen i Grindane.
- Styrar vil høyre stemningen for å få i stand ein dugnad/sosialkveld på ein ettermiddag eller to. FAU er udelt positive. Det er styrar svært takksam for.
- Styrar set opp ei "oppgåve-liste" i prioritert rekkjefølgje. Då kan ein ha ein dugnad i vår, og ein til hausten.  
Me har mange handtverkarar som foreldre i barnehagen, og vonar nokon av dei vil vera med å leie prosessar slik at det blir godt arbeid.
- FAU lurar på om dei som FAU kan søkje midlar hjå td Gjensidige-stiftelsen for å få pengar til utbetring av uteområde.
- Forslag på dato til dugnad i vår: 11.mai.

## Sak 3:

Evaluering av foreldremøte:

- Både FAU og tilsette har berre fått positive tilbakemeldingar.
- Tilbakemeldingar på at det var heilt fint å vera ute.
- Med stasjonar og foreldregrupper som rullerte fekk ein vist fram mykje, og i mindre grupper. Noko som gjorde at foreldra vart meir aktive og fekk større utbytte av teori og praksis enn kva ein kanskje hadde fått dersom det var einvegskommunikasjon inne.
- Styrar tykkjer det er viktig å bruke personalet sin kompetanse òg.
- FAU kjem med forslag om at det kan vera "ordinært" foreldremøte på hausten, der ein har ein info-del og ei økt basevis. Og på vinter/vår kan ein tenkje anleis, og gjerne ha gallery walk fleire gonger.

Ymse:

- No er det veldig opplyst at det er FAU-møter, og at foreldra blir oppmoda til å melde inn saker. Likevel kjem det ikkje inn nokon saker. Kva betyr det? Me ynskjer at FAU blir eit aktivt organ som styrar kan samarbeide med, på vegne av alle foreldra.

Ref: Anne Merethe